



Protokoll frå ekstraordinært årsmøte 2016

Park Hotel Vossevangen, Voss 22.November 2016 kl 14.30

Det møtte 15 utsendingar, 7 frå styret, 1 frå valnemd, og 2 frå administrasjonen.

- Sak 1 Opning**
Styreleiar Sverre Leo Handegard ynskte velkommen.
- Sak 2 Val av møteleiar og skrivar**
Lars Børge Sæberg vart vald til møteleiar.
Janne Alsaker med assistanse frå Britt Karen Alfarnes vart vald til skrivar.
- Sak 3 Val av to til å skrive under møteboka**
Halvor Lesteberg og Einar Langballe vart valde.
- Sak 4 Godkjenning av innkalling og sakliste**
Innkalling og sakliste vart godkjend. Det kom ein merknad om at innkallinga var på feil grunnlag. Fordeling av midlar i henhold til innkallinga kan ikkje gå til kvart enkelt medlem, midler skal gå til eit nytt lag. Møteleiar viste til at det sto i premissane til sak 5.

Det skal vere 29 røysteføre på årsmøtet.

Styremedlem Reidar Stenberg hadde meldt avbud, så Egil Håheim gjekk inn som styremedlem.

Då var styret fulltallig med 7 røyster

Frå krins 1 Hardanger var det 10 av 11 utsendingar som møtte. I tillegg hadde Helge Hjortland fullmakt frå Leif Magne Hovland.

Frå krins 2 Buskerud var det 4 av 8 utsendingar som møtte. I tillegg hadde Ivar Bjørkedokken fullmakt frå Vidar Kolbjørnsgard, Ole Øvrejorde hadde fullmakt frå Hilde Midtgard, Olav Huso hadde fullmakt frå Ole-Egil Trinrud og Halvor Lesteberg hadde fullmakt frå Knut Kleivedalen.

Då var utsendingane fulltallige med 19 røyster.

I valnemnda møtte Vidar Reisæter. Heidi Hvidevold, Kari Håvardrud, og Bjørn Kåre Øye hadde meldt avbud. Vidar Reisæter hadde fullmakt frå Heidi Hvidevold, og Egil Håheim hadde fullmakt frå Bjørn Kåre Øye.

Då var valnemnda fulltallig med 3 røyster.



Sak 5 Utbetaling for dei som melder seg ut

Premissar frå innkallinga:

Bakgrunnen til møtet er at det på årsmøtet i april 2016 vart diskutert og røysta over om laget skulle delast ved fisjon. Dette vart stemt ned av årsmøtet og det blei bestemt at styret skulle jobba vidare med ei deling av laget. På styremøte i Eidfjord 11.oktober 2016 vart det i sak 33/16 einstemmig vedtatt at ei minneleg ordning der medlemmer fritt kan melde seg ut av laget og få med seg ein kompensasjon/gåve er beste ordninga. Etter §7 i vedtektene har eit medlem som melder seg ut kun krav på andelsinnskott på kr 200,-. Dersom dette vert ein overgang mellom to lag, meiner styret at det er rett at dei får med seg ein andel av eigenkapitalen som vert betalt ut til det nye laget, også fordi dette har med landbruksvikarane å gjera.

Det vart også diskutert kor stort beløp av eigenkapitalen kvart medlem skulle få med seg over i nytt lag, og det vart røysta over dette.

Forslag til vedtak: 4 røysta for eit beløp på kr 3650,- pr medlem. (3 røysta for eit beløp på kr 4750,- pr medlem).

Info frå styreleiar:

I etterkant av styremøtet er vi informert om at ei slik utdeling av eigenkapital strir mot samvirkeloven § 34 (sjå vedlegg).

Styreleiar orienterte om kvifor å dele ut av eigenkapitalen strir mot samvirkeloven.

Ordstyrar gjer framlegg om at årsmøtet avviser saka.

Det kom ynskje om skriftleg røysting. Det vart gjennomført.

Røysting: 25 røysta ja til å avvise vedtaket.

1 røysta nei til å avvise vedtaket.

3 røysta blankt.

Saka var avvist.

Møte vart heva kl 15.15

Ref Janne Alsaker og Britt Karen Alfarnes

Møteleiar Lars Børge Sæberg

Halvor Lesteberg

Einar Langballe